

Soknerådsmøte i Moster kyrkje tysdag

03.05. 2022

Desse møtte: Rune Sivertsen, Gunnvald Bjotveit, Per Harald Gjerde, Marta Fauskanger Ekberg, Elin Taranger, Camilla Rubach, Heidi Torkelsen Fagervik og Aksel Lygre.

Sak 38 – 2022 Godkjenning av møtebok frå 04.04.22 og innkalling.

Møtebok og innkalling godkjend.

Ny sak: Sak 44: Leige av Moster kyrkje.

Sak 39 – 2022 Oppfølging av tidlegare saker.

*Temakveldar – temakveld 28.april: Kort evaluering: Litt få som møtte. Men kvelden var fin.

***Årsmøte – referat og underskrifter. Er på plass.**

***Samling med stab, lokalt tilsette og nokre frivillige 14.juni i kyrkja.**

Korleis fordeler vi oppgåvene? Tema: Korleis kan vi styrka dåpstala? Saka vert teke opp på dette møtet, saman med generell evaluering av gudstenester og andre arrangement og forslag til endringar og tiltak.

Vedtak frå sist: Me går for koldtbord. Me treng folk til å rydde før/etter, ta med mat til koldtbord. Tenk over kva du kan bidra med.

Soknerådet møter kl. 18.00 og det vert laga eit notat over kva den einskilte tek med seg av mat. Talet på deltakarar vil bli ca. 25 stk.

***Skap til teknisk utstyr bak i kyrkja.**

Kor står saka no? Rune orienterte. Nytt utkast vert godkjend på junimøtet.

***Kurs for nye medarbeidarar på lyd og bilete. Rekruttering av nye medarbeidarar.**

Sjå sak 16 og 17 i februar-møte. Kvar står sakene?

Saka er ikkje kome lenger. Rune/Aksel fortset ringerunden og prøver å ha konkrete forslag til mai-møtet. Camilla og Elin undersøker med fellesrådet om det er mogleg å få løna medarbeidarar til å styre lyd og bilete.

***Bøsseberaraksjonen KN:** Evaluering. Vanskeleg å få konfirmantane til å gå åleine. Derfor vert det problematisk å få dekkja alle rutene. Det er utfordrande å få med nok frivillige. Me må bli flinkare til å varsle på førehand – konfirmantane kan bruka sosiale medier, familie og vener, me kan samarbeida med grendautvalet, idrettslag osv.

***Søknad om støtte til 150-årsjubileet frå SR-bank:**

Konkret prosjekt må til for å søkje. Kva prosjekt vil soknerådet velje?

Vedtak: Soknerådet søker om ny digital miksepult til jubileet.

Konfirmantfest: Kort evaluering: Det gjekk heilt fint.

Konfirmasjon: Alt er under kontroll.

***Konkret gjennomgang av oppgåver ved amfigudstenesta den 5. juni.**

Elin og Rune er kyrkjevertar. Oppgåvene på skjema vart gjennomgått

Sak 40 – 2022 17.maigudsteneste i amfiet

Vedtak: Oppgåver vart fordelt.

Sak 41 – 2022 Temakveldane som konsept.

Skal både diakonien og kyrkjemusikalsk utval ha ein temakveld kvart semester? Kva konsept går me inn for? Bør me satsa på kjente folk som trekkplaster?

Vedtak: Kyrkjemusikalsk utval og diakoniutvalet får ansvaret for ein kveld kvar i året

Sak 42 – 2022 Referat og meldingar

Orgelkomiteen.

Trusopplæringsutvalet

Estlandskomiteen

Frå fellesrådet og administrasjon

Meldingar ved soknerådsleiar, sokneprest eller andre

Jubileumsbok-komiteen Komiteen har fått 50000 kroner frå Bømlo kommune.

Sak 43 – 2022 Leige av Moster kyrkje

Den katolske kyrkja, avd. Stord, vil leige Moster kyrkje til gudsteneste med dåp på førespurde datoar.

Vedtak: Soknerådet går inn for å leige ut kyrkja til dette føremålet.

Per Harald Gjerde

Skrivar